



Helge Roy Haugland
Leknesvegen 225 A
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3116 - 17/31172

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
31.10.2017

Avvising av søknad om rehabilitering av garasje - gbnr 196/56 Midtgård

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 18.10.2017
Saka gjeld søknad om rehabilitering av eksisterande garasje.

Planstatus

Tomta er per i dag uregulert og er i kommuneplanens arealdel vist som bustadføremål. Tomta inngår i framtidig reguleringsplan for Hillesvåg bustadområdet, denne er ikkje vedteke.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Omsøkte tiltak kan ikkje vurderast som ei rehabilitering av eksisterande bygg. Det går fram av søknad at garasje skal utvidast mot nabogrense og mot sjø, samt hevast 20 cm. Dette vurderast som utviding av eksisterande garasje og eit påbygg, som også får innverknad på utnyttingsgrad på tomt.
2. Det går ikkje fram av søknad kva ny avstandsgrense mot nabo vert som følgje av utviding av garasje. I vår kartbase kan det sjå ut som eksisterande garasje er i konflikt med nabogrense, slik at ein må fyst avklare desse forholda.
3. Det er ikkje søkt om dispensasjon i frå føresegn 1.1 i kommuneplanens arealdel. Omsøkte tiltak kan ikkje vurderast som eit mindre tiltak då det er søkt om påbygg på garasje. Vi gjer merksem på at kommunen ikkje er positiv til å dispensere i denne saka, da området inngår i ei framtidig reguleringsplan, slik at ein ikkje ynskjer å etablere forhold som kan vere i strid med denne, eller gje negativ konsekvenser for ei ny plan for området.
4. Vi syner til tidligare sak vår referanse 17/1219 vedkomande avslag på søknad om garasje. I vedtak er avkøyrslar vurdert, og ikkje funne tilfredstillande. Vi rår til at ein vurderer ei felles avkøyrslar for bnr 31 og bnr 56 for å sikra siktkrava, og fjerna eksisterande mur mellom tomtane opp mot avkøyrslar.
5. Nabovarsle og søknadsdokumentasjon er vurdert mangelfull. Det går ikkje fram faktisk plassering av garasje i høve til nabogrense. Det er heller ikkje skildra på teikning kva endringar ein ser for seg.



Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om rehabilitering av eksisterande garasje avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement. .

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sveinung Bjørsvik

Leknesvegen 227 5915
A

HJELMÅS

Mottakarar:

Helge Roy Haugland

Leknesvegen 225 5915
A

HJELMÅS